



Advokatfirmaet KYRRE ANS
Eivind Pundsnes
Pb 1826 Nordnes
5816 BERGEN

Referanser:
Dykkar: 5584/EP
Vår: 14/693 - 14/8682

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
19.08.2014

Byggesak Gbnr 28/101 Kvalheim nedre - einebustad - krav om omgjering av vedtak om bruksløyve og klage på vedtak om bruksløyve - anmodning om å trekkje klagesak

Radøy kommune stadfestar å ha motteke dykkar anmodning om omgjering og klage på vedtak den 19.08.14.

Mellombels bruksløyve er gjeve på bakgrunn av at ansvarleg søker den 09.07.14 har stadfesta overfor kommunen at det ligg føre samsvarserklæring frå dei ansvarlege føretaka for at arbeidet er utført i samsvar med løyvet, og at tiltaket har naudsynt tryggleiksnivå. Dette i samsvar med pbl. § 21-10. Kommunen har på det noverande tidspunkt ikkje grunnlag for å gjere om vedtak om mellombels bruksløyve.

Kommunen har bestilt føretakstilsyn med føretaket Vedlikeholdsservice Jan Roger Iversen, i rollen som ansvarleg søker, jf. pbl. § 25-2. Nordhordland og Gulen interkommunale tilsyn har kalla inn føretaket til tilsyn 09.09.14. Tilsynet sin oppgåve er å avdekke eventuelle avvik. Om det i tilsynet vert avdekka avvik vil det kunne vere grunnlag for å trekkje tilbake mellombels bruksløyve, og unnlate å utstede ferdigattest.

Mellombels bruksløyve gjeld *omsøkte og godkjente tiltak*. Terrassen og forstøtningsmuren er *ikkje* omsøkt og godkjent. Kommunen handsamar inn til vidare desse tiltaka som ulovlege tiltak i eiga sak. Det ligg føre pålegg om retting i vedtak av 17.06.14 med frist 01.09.14. Denne saka vert følgd opp, uavhengig av at det er gjeve bruksløyve for sjølve bustaden.

Når terrassen og forstøtningsmuren vert handsama som eiga sak synast det lite tenleg å handsame klage på mellombels bruksløyve som er grunngeve i avvik knytt til terrassen og forstøtningsmuren. Kommunen ber på denne bakgrunn om at dykk vurderer å trekkje klagen.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Advokatfirmaet KYRRE ANS

Pb 1826 Nordnes 5816

BERGEN